


TERMPOSTEN

Nr. 3
desember 2012

NYHETSBREV
FRA SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITJENESTE

INNHold:

<u>Redaksjonens vindu</u>	2
<u>Siden sist</u>	2
<u>Nyheter</u>	3
<u>Visste du at? Om Basord i våra fackspråk</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Marita Kristiansen</u>	4
<u>Aktuell term: Grafen</u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: Metode, metodikk eller metodologi?</u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: Fins det et norsk ord for screening?</u>	5
<u>Lesernes hjørne</u>	5
<u>Terminologgen</u>	6
<u>Noen kommende arrangementer</u>	6



Redaksjonens vindu

Nå er det gått ett år siden vi første gang satte på nisselua til høyre. Jula nærmer seg – "på lette vinger", ville noen si. Uttrykket fører tankene mot engler og noe av den kristne julas egen terminologi.

Juleevangeliet ble nedtegnet på gresk i Det nye testamentet. *Testament* kommer imidlertid fra latin og betyr ordrett 'vitnesbyrd', men i kristen tradisjon 'pakt'. Det nye og det gamle testamentet utgjør Bibelen, etter gresk, egentlig 'Boka'.

Evangelium er fra gresk, riktignok via latin, som endelsen *-ium* sladrer om. Ordet betyr 'det gode budskap', 'gladmelding'. Og det var en engel som varslet storhendingen med Jesu fødsel, dvs. en budbringer eller et 'sendebud'. Apostlene kom til etter hvert, og betegnelsen deres betyr opprinnelig 'utsending' på gresk.

Mange går i kirken i jula for å høre juleevangeliet bli lest. Da er de i



'Herrens (hus)', som er den opprinnelige betydningen av vårt ord for vårt gudshus.

GOD JUL!

Siden sist

Terminologitoppmøtet 2012

Terminologitenesta var i to dagar i midten av oktober vertskap for det europeiske terminologitoppmøtet i samarbeid med Den europeiske terminologiforeninga. Arrangementet samla drøyt 70 deltakarar frå meir enn 15 land i Europa over to dagar på Soria Moria kurs- og konferansesenter i utkanten av Oslo. Hovudtalar var Anna-Lena Bucher frå [Terminologisentrum TNC](#) i Sverige. Det var første gongen eit slikt toppmøte vart halde i Norden.

Dagen før sjølve toppmøtet byrja, vart det skipa til både eit nasjonalt, grunnleggjande terminologikurs og eit internasjonalt arbeidsseminar om "nasjonale termbankar". Det var 20 kursdeltakarar, og om lag 30 personar var med på seminaret, som vart leidd av Henrik Nilsson frå TNC og Kjersti Drøsdal Vikøren frå Standard Norge.

Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk var ansvarleg for kurset i samarbeid med terminologitenesta.

[Her kan du lese meir om toppmøtet, seminaret og kurset.](#)

Her finn du [presentasjonane frå dei to dagane.](#)

Her kan du lese [ein omtale av toppmøtet](#) i *Språknytt*.

NFFs omsetjarseminar, laurdag 17. og søndag 18. november

Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF) skipa til sitt årlege seminar på Soria Moria i midten av november. Jan Hoel frå terminologitenesta var invitert til å halde ein kort presentasjon på søndagen om tenesta og verksemda der. Hovudforedraget til den engelske omsetjaren David Bellos på laurdagen hadde den passande tittelen [Rapport frå Babels tårn](#).

Fagspråkseminar i Stavanger

Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk og terminologitjenesten arrangerte torsdag 29. november et heldagsseminar i Stavanger sentrum med tittelen *Norsk terminologi og fagspråk i tre næringslivsbransjer. Ideal og virkelighet*. Det var foredrag om fagspråket i petroleumsvirksomhet, finans og akvakultur. Det var 15 deltakere i tillegg til foredragsholderne. Jan Hoel fra terminologitjenesten åpnet seminaret med å gå gjennom resultatene fra en [spørreundersøkelse om terminologiarbeid i privat sektor](#) som tjenesten fikk utført rundt siste årsskifte. Foredragene vil bli gitt ut som artikler i 2013 i tredje utgave av Språkrådets nye skriftserie for terminologi og fagspråk, *Terminologen*. Her finner du en [kort omtale av seminaret med program og presentasjoner](#).

Nyheter

Påmelding av foredrag til Nordterm 2013

Det er allerede opna for å sende inn framlegg til foredrag under Nordtermdagane i Stockholm i midten av juni neste år. Arrangementet har fått tittelen *Från förarbete till förvaltning – terminologiarbete steg för steg*. **Fristen for innsending er 1. mars.** Det blir kurs og arbeidsseminar 17. juni og konferanse 18.-19. juni. Programmet ligg ikkje føre enno, men du kan [lese meir om konferansen og foredrag her](#).

Ny oversetterforening – Norfag

Det finnes flere foreninger for oversettere i Norge, og Norfag er siste skudd på stammen. Norfag er en forening for fagoversettere. Fagoversettere oversetter ulike former for bruksprosa, som for eksempel bruksanvisninger, instruksjonsbøker og ulike tekniske og juridiske tekster.

Du finner mer informasjon på www.norfag.org

Masteroppgåve i terminologi

Trude Bukve ved Universitetet i Bergen har skrive ei masteroppgåve om finansterminologi i undervisning og formidling. Ho har mellom anna sett på forholdet mellom termar nytta i lærebøker og i meir populariserte samanhengar, og på haldningane studentar har til bruk av engelsk terminologi i undervisninga.

[Du finn lenkje til oppgåva på Språkrådets nettsider.](#)

MeSH på norsk

Norske MeSH (Medical Subject Headings) vil bli tatt i bruk av de fleste helsefaglige institusjoner i Norge i løpet av 2013. Basen inneholder nå 17 000 norske MeSH med ekvivalenter på flere språk.

MeSH blir oversatt i regi av Helsebiblioteket ved Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten. Les mer på [nettsidene til Kunnskapssenteret](#).

Mønsterpraksisprosjekt

Under leiing av Språkrådet kom ei faggruppe saman i haust for å velje ut, diskutere og leggje inn kjemitermar i ein elektronisk termbase. Faggruppa er sett saman av akademikarar frå Universitetet i Bergen og Universitetet i Oslo. I prosjektet skal ein mønsterpraksis prøvast ut som vonleg vil kunne nyttast på andre fagfelt i UoH-sektoren seinare. Les meir på [nettsidene til Språkrådet](#).

Oppdatering av Electropedia

I høst ble det lagt til ca. 650 nye norske termer fra elektroteknikk i den internasjonale basen [Electropedia](#). Termene er oversatt til både bokmål og nynorsk i et samarbeid mellom Norsk elektroteknisk komité og Språkrådet. I denne omgang er det termer fra områdene kretsteori, matematikk, elektromagnetisme samt generering, overføring og distribusjon av elektrisitet som er lagt inn. [Les mer her](#).

Visste du at? Om *Basord* i våre fackspråk

Det svenske terminologiorganet Terminologisentrum TNC ga tidligere i år ut ordlisten *Basord i våra fackspråk* som TNC-skrift nummer 104.

Det er en noe uvanlig ordliste. Den er ikke avgrenset til et bestemt fagområde, men inneholder termer som betegner begreper som antas å ligge på et så høyt nivå i et tenkt begrepshierarki at de er like vanlige i allmennspråk som i fagspråk. Målet er at termene skal kunne brukes på så mange fagområder som mulig og tjene som et

best mulig og felles utgangspunkt når det skal defineres begreper på lavere nivåer.

Vi mener ordlista kan være nyttig også i vårt land. Den kan bestilles fra [TNC på deres nettsider](#) eller med e-post til tnc@tnc.se. Prisen er SEK 477.

[Du kan lese mer om ordlista her.](#)



På kornet – portrettintervju med Marita Kristiansen

Marita Kristiansen er førsteamanuensis i engelsk fagspråk ved Noregs handelshøgskole.

Kva er det beste med jobben din?

At eg lærer noko nytt stort sett kvar dag anten eg førebur undervisningsmateriale for engelsk- og terminologistudentane, forskar på økonomisk terminologi, eller deltek i faglege diskusjonar med kollegaer på NHH eller eksternt.

Kva for utdanning har du etter vidaregåande skule?

DH-kandidat i økonomi og administrasjon, cand.merc frå NHH med engelsk fagspråk som spesialisering og doktorgrad i terminologi frå UiB.

Kva var favorittfaget ditt på**barneskulen?**

Typisk for meg så likte eg nok alle faga ganske så godt.

Kvifor er arbeidet med terminologi viktig?

Først og fremst meiner eg at det no er viktig å sikre at studentar får god fagspråkkompetanse både på norsk og engelsk. Å ikkje kunne diskutere sitt eige fag på morsmålet er for meg eit teikn på at kunnskapsnivået kan vera for dårleg.

Om du kunne velje eit anna yrke, kva for eit og kvifor?

Då ville eg arbeidd som omsetjar – det er òg eit arbeid eg likar godt. Eller hatt ei administrativ stilling i ei spanande bedrift.

Kva les du helst på fritida?

Altfor lite, og mest krim ...

**Kva er favorittermen din?**

Vanskeleg spørsmål, men sidan eg driv og jaktar på norske avløysartermar for tida innan fagområde som er prega av mykje anglisismebruk, er kanskje *samskaping* (co-creation) ein favoritt. Termen blir nytta i faget tenesteinnovasjon og er eit godt eksempel på avløysartermar som fungerer og får innpass i det norske språket.

Aktuell term: *Grafen*

Forskarar ved NTNU har funne ut korleis *grafen* (utt. gra'fen) kan nyttast for å utvikle eit halvleiarmateriale som leier straum og varme betre enn silisium.

Grafen er karbonatom som er ordna i ein heksagonal struktur. Slike strukturar dannar utgangspunktet for materiale som vert nytta i nanoteknologien. Dei er svært tynne og slitesterke og kan nyttast til å produsere billigare og meir effektive halvleiarkomponentar. Ein viktig eigenskap ved *grafen* er at den er bøyeleg og har eit gjennom-siktig underlag.

Forskarar ser for seg at *grafen* også kan nyttast mellom anna i solcelleteknologi, LED-pærer og prosessorar i all type elektronikk, ifølgje Aftenposten.

Opphavleg kjem *graf* frå gammalgresk, der *graphein* hadde tydinga 'å skrive'. På norsk har vi lånt inn *graf* frå engelsk i tydinga 'grafisk framstilling'. Etterleddet *-en* vert nytta om ein del kjemiske dobbeltbindingar ifølgje [IUPAC](http://www.iupac.org).




Foto: <http://en.wikipedia.org/wiki/Graphene>

Spørsmål og svar 1: *Metode, metodikk eller metodologi?*

Kva er skilnaden mellom *metode*, *metodikk* og *metodologi*?
Kva med *metodisk* og *metodologisk*?

Ifølgje *Nynorskordboka* tyder *metode* 'systematisk framgangsmåte'. *Metodikk* og *metodologi* er nærsynonym, og begge orda tyder 'metodelære'. Men det er nok ein tendens til at *metodikk* først og fremst blir brukt om dei metodane som blir nytta innanfor eit visst arbeidsområde eller fag.

Metode er altså ein særskilt framgangsmåte, medan *metodikk* og *metodologi* dekkjer omgrep på eit høgare abstraksjonsnivå og gjeld læra om ulike metodar. Orda bør ikkje nyttast om kvarandre.

Adjektivet til *metode* er *metodisk*, medan adjektivet som svarer til *metodikk* og *metodologi*, er *metodologisk*. Dei to adjektiva kan altså heller ikkje nyttast om kvarandre.

Metodisk kan skiftast ut med *systematisk*.

Spørsmål og svar 2: Fins det et norsk ord for *screening*?

Screening er mye brukt i helsevesenet. Finnes det noe norsk ord? Hva med verbet å *screene*?

Screening og å *screene* står ikke oppført i *Bokmålsordboka* og blir ikke regnet som normert norsk.

For *screening* finnes det etablerte norske avløserord som *masseundersøkelse* og *sikting*. Førstnevnte gir flest treff ved et søk på Internett og er også å finne i ordlista til [Tidsskrift for Den norske legeforening](#).

Vi ser at "å gjennomføre masseundersøkelser" brukes på flere nettsteder og i Legeforeningens tidsskrift når man trenger et verb.

Termen *masseundersøkelse* er mer selvforklarende enn *screening*. Vi er usikre på om folk flest vil forstå hva den engelske termen uttrykker, mens den norske nok vil være lett forståelig iallfall i en gitt kontekst.

Lesernes hjørne

I førre utgåva spurde vi kva i all verda ein *sildremikk* er.

Vi har ikkje fått innspel frå lesarane, men "opphavsmannen" Johan Myking har sendt oss eit foto og forklaring: "Ein sildremikk er ein avløpsstuss på leidningen frå fordelarskåpet i eit 'røyr-i-røyr-system' for vatn i bygningar som sikrar at lekka-

sjevatn blir drenert ut til eit rom med sluk og ikkje skapar vassskade."

Sildremikk er fagsjargong, og vi finn att etterleddet i *leamikk*: 'rørleg del i mekanisk maskin el motor'. Opphavet til *-mikk* er nok



mekanikk, og tydinga er 'liten ting, dings'.

Til neste utgåve ønskjer vi di hjelp til å finne eit norsk ord for "plug-in-hybrid(bil)", altså ein [hybrid\(bil\)](#) som kan ladast med straum også frå straumnett.

Send forslag merkte "Nyhetsbrevet – Lesernes hjørne" til term@sprakradet.no.

TERMINOLOGGEN

Du finner en oppdatert kalender over kommende terminologirelaterte arrangementer på våre nettsider: www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Kalender/.

Noen kommende arrangementer

28. februar–2. mars 2013 arrangerer Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening og Norsk Oversetterforening for andre gang "Oversatte dager". Det skjer på Litteraturhuset i Oslo. Programmet foreligger ennå ikke, men vil bli lagt ut på www.oversattedager.no.

17.–20. juni 2013 blir Nordterm 2013 arrangert i Stockholm. Det er det svenske terminologiorganet Terminologisentrum TNC som er vertskap denne gongen. Sjølv konferansen, som blir holden tysdag 18. og onsdag 19., har tittelen *Från förarbete till förvaltning – terminologiarbete steg för steg*. Det er alt opna for å sende inn framlegg til foredrag, med frist 1. mars. [Du kan lese meir om konferansen og framlegg til foredrag her](#).

8.–10. juli 2013 arrangeres "European Symposium on Languages for Special Purposes" for 13. gang. Dette symposiet har tittelen *Languages for Special Purposes in a Multilingual, Transcultural World* og finner sted i Wien. Arrangør er Universitetet i Wien. Du finner mer informasjon på <https://lsp2013.univie.ac.at/home/>.

SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITJENESTE

Postadresse:
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50
Telefaks: 22 54 19 51
E-post: term@sprakradet.no
www.sprakradet.no
www.spraakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMER GIR GODT
FAGSPRÅK

Terminologitjenesten er en del av Språkrådet og har tre rådgivere i full stilling. Tjenesten har et overordnet, nasjonalt ansvar for å samordne utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi. Tjenesten samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Den skal på sitt arbeidsområde

- ta initiativ til, legge til rette for og samordne aktivitet
- være en aktiv pådriver for forsknings- og utviklingsarbeid
- søke å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljøer og hjelpe til med å bygge opp termbaser
- bygge allianser som kan føre til økt interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentlig forvaltning, næringsliv og publikum

<http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/>

Språkrådet gir ut en rekke publikasjoner, blant annet *Termlosen*, en innføring i terminologiarbeid. Du kan lese mer om *Termlosen* [her](#).